

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr 20162000
Oppdragsnr 2016028

Matrikkeletat					
Kommune Meland kommune	K.nr 1256	Adresse PB. 79	Postnr 5906	Poststad Frekhaug	

Matrikkeleining					
Gateadresse Sagstadvegen 19 med flere	Gnr 24	Bnr 1	Fnr 0	Snr 0	Registrert eigar/festar HERNAR JAKOB LANGELAND (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga					
Forretninga avvikla:	Dato 25.10.2016	KI 09.30	Stad	Frammøte i tunet på gnr 24 bnr 1	
Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining					
<input checked="" type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon		
Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn					
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn	
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna				
Forklaring Frådeling av utbyggingsparsell frå gnr 24 bnr 1.					
Saks- behandling	Løyvedato 12.09.2016	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering		
Rekvirent HERNAR JAKOB LANGELAND			Rekvisisjonsdato 01.08.2016		

Habilitet					
Landmålaren sitt namn Per Atle Sæle					
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.					
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)			

Varsling og oppmøte					
Varsetet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsle, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfestaa sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).					
Ev. merknader til varslinga					

Saksdokument - bakgrunn for forretninga					
	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant	
Søknad etter pbl				<input checked="" type="checkbox"/>	
Vedtak (tillatelse) etter pbl				<input checked="" type="checkbox"/>	
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				<input checked="" type="checkbox"/>	
Varsel om oppmålingsforretning				<input checked="" type="checkbox"/>	
Situasjonskart og situasjonsplan				<input checked="" type="checkbox"/>	
Konsesjonsdokument				<input checked="" type="checkbox"/>	
Servitutt				<input checked="" type="checkbox"/>	
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				<input checked="" type="checkbox"/>	
Avtaler				<input checked="" type="checkbox"/>	

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtalar, skilsdom, påstandar frå partane m.m.					
Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skilsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
141-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
141-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
141-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
141-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
141-5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
141-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
141-7	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
141-8	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
SV171	Umerket Nedsatt i:				
SV93	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Grensepunkt kontrollert			
SV92	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SV90	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SV89	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SV88	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein				
SV86	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SV85	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SV84	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein				
SV80	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SV79T	Umerket Nedsatt i:				
SV79	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SV78	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SV77	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SP2	Umerket Nedsatt i:				

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtalar, skilsdom, påstandar frå partane m.m.					
Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skilsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
JV8	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Grensepunkt kontrollert			
JV7	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Gjenfunnet			
JV6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
JV5	Kors Nedsatt i: Jordfast stein				
JV4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Gjenfunnet			
JV3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
JV2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein				
JV1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell				
SP1	Umerket Nedsatt i:				
JV21	Umerket Nedsatt i:				

## Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 12.09.2016 godkjent deling av parsell på omlag 113 da frå gnr 24 bnr 1, administrativt vedtak saknr: 300/2016.

Oppmålingsforretning vart halde 25.10.2016. Ved forretninga møtte Jakob Hernar for 24/1, Tore Mjåtvædt og Cato Vikebø for 24/4, Jorun Espetvedt for 24/3, Reidunn, Øyvind og Ivar Ørvetvedt for 24/8. I tillegg til dei frammøtte var også eigarar av 24/2, 24/5, 24/7, 24/9, 24/12 og 24/77 varsle, men møtte ikkje.

Grensene mot fellesområdet "Lonen I" vart først gått opp og påvist. Desse grensene vart merka og målt i samband med jordskiftesak i 1988. Kommunen har i forkant av forretninga stukke ut og kontrollmålt nokre av grensepunkta. Det er konstatert avvik i koordinatverdiane på 6 cm i forhold til koordinatverdiane i matrikkelkartet på grensepunkt JV8. Det er brukt same punktnummer i grensepunktlista som står på jordskiftekartet med JV framfor, og kommunen har ikkje endra koordinatverdiane ved denne forretninga.

Grensene mellom 24/1 og fylkesvegen 24/77 vart merka og målt ved kart- og delingsforretning i 1986 og partane var samde om at ein ikkje trong å påvisa grensepunkta med unntak av grensepunkt 93. I grensepunktlista har vi nytt same punktnummer som er brukt på målebrevkartet, men med SV framfor. Grensepunkt SV93 ligg 7,82m frå grensa mellom 24/1 og 24/4. Grensepunkt SV93 er kontrollmålt. Her er konstatert avvik i koordinatverdiane på 0,16 m, men det er ikkje gjort endringar i verdiane på grensepunkta langs fylkesvegen som ligg i matrikkelkartet ved denne forretninga.

Grensa mellom 24/1 og 24/4: Denne grensa er skildra i utskiftingsprotokoll frå 1876, 3. linje "begynder i merkestens med Vidner udenfor Bøgjærdet ved Endepungtet af grensen i Indmarken mellom Jakob Nilsens og Ole Olsens Brug og gaar i Retning Nordøst til Øst 34 Alen til Kors i Bjerg, derfra 439 Alen til ditto, derfra 422 Alen til ditto, og derfra 340 Alen til ditto, og derfra 422 Alen til ditto, og derfra 340 Alen til ditto og derfra 168 Alen til ditto i ditto, hvorfra linien fortsætter til Søen, hvor den ender."

Partane er samde om at grensa som er skildra, er ei bein linje. Ingen av krossane vart funne, men kommunen hadde i forkant av forretninga stukke ut startpunktet for 3. linje i grensa mellom 24/1, 24/4 og 24/54 som er markert med spray ved enden av steingarden. Både eigar av 24/1 og eigar av 24/4 godkjente dette punktet. Vidare har vi rekna om alen til cm og stukke ut der krossane skulle vera. Retningspunkt for grenselina er grensepunkt SV171 som vart fastlagt på kartforretninga i 1986. Det var semje om å setja ned eit nytt grensemerke i fjell ved steingard, grensepunkt 141-8. Punktet står i grenselina mellom 24/1 og 24/4 53,54 m sørvest for umerka grensepunkt sv171. Heile grensestrekninga vart gått opp og påvist. Det vart også sett ned nytt grensemerke i stein i nordvestre hjørne av den nye parsellen i grensa mot bnr 4, grensepunkt 141-7.

I samband med grunnnavståing til ny fylkesveg (tidl riksveg) i 1980-åra meinte Tore Mjåtvædt at det var inngått ein avtale om å få fram tømmer frå 24/4 over 24/1 og fram til opparbeidd velteplass på austsida av fylkesvegen. Han har i etterkant av forretninga funne avtalane som vart inngått i 1983 mellom Statens vegvesen og dåverande eigar av 24/1 og dåverande eigarar av 24/4. Her står det mellom anna at "Eigar av gnr 24 bnr 1 har gjeve gnr 24 bnr 4 og gnr 25 bnr 2 skogsvegrett over sin eigedom på vestre sida av riksvegen, samt rett til å nyttre velteplassen ved ca p-8850. Vegtraceen er vist på vedlagte kartutsnitt i M=1:1000. Denne avtalen kan vegvesenet tinglysa på gnr 24 bnr 1." Kommunen har ikkje mottatt kartutsnitt som avtalen viser til. Sjølv om avtalen ikkje er tinglyst, er avtalen bindane mellom partane så lenge dei kjenner til (eller burde kjent til) at det er inngått slik avtale. I samband med utarbeiding av reguleringsplan for området må det takast omsyn til skogsvegretten.

Grensa mellom den nye parsellen og 24/1 vart merka med seks nye grensemerker, grensepunkt 141-1, 141-2, 141-3, 141-4, 141-5, 141-6. Grensepunkt 141-3 og 141-4 vart etter ønskje frå rekvisit trekt lengre aust enn delingsløyvet syner. Dette er gjort for å gje betre plass til oppfylling av området der vannbassenget låg tidlegare.


I samband med oppmålingsforretninga er grunnboka for 24/1 undersøkt. Eigar av 24/1 fekk kopi av utskrift.

Det som er nymålt ved denne forretninga er grenselina mellom den nye parsellen og 24/1 i tillegg til delelina mellom 24/1 og ny parsell. Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden. Den nye parsellen har fått tildelt gnr 24 bnr 141 og er utrekna til 114 560 m<sup>2</sup>.

Når kommunen får tilbake melding frå tinglysinga om at parsellen er oppretta i grunnboka, vil vi skriva ut nytt matrikkelbrev som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Gebyr etter matrikkellova skal etter avtale sendast Vestland Eiendom AS.

Sted Frekhaug	Dato 04.11.2016	Underskrift 
------------------	--------------------	---

<b>Vedlegg</b> (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningssdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/resekjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			